

## Lotte Karoline Lynngård

---

**Fra:** Bent Gunnar Næss <bent.gunnar.naess@nordhordland.net>  
**Sendt:** mandag 9. november 2020 15:16  
**Til:** Lotte Karoline Lynngård  
**Emne:** SV: Spørsmål ang Etablerarfond i Bergensregionen  
**Vedlegg:** Informasjon om Etablerarfond for Bergensregionen 2020.pdf; Etablerarfond Bergensregionen - 2020

Hei

Har lagt ved den eposten som vi sendte ut til alle kommunar og andre i Bergensregionen – for å informere om etablerarfondet.

Det vi skreiv der var at søknadane vil bli handsama fortløpande. I og med at der var stor interesse for etablerarfondet måtte vi også ha ein streng prioritering. Det var ikkje nok å berre vere først ute. Me ønskja å få mest mogleg igjen for midlane.

Vi la inn same tekst på

<https://regionalforvaltning.no/Stotteordning/EditStotteordning.aspx?Stotteordning=DuwJPW1suk3W%2bE4rnppIA4jYJ4P1M6OPU6Fmnr8aw4h7SmvJSf1ceuaOIZYtSJCLBLEPOYJI%2bEW1kwerpGQY3cuvRL6vKP0725orscWMorRJldf4055gDThYNTTrQSmL2&PageTitle=pZzwsciQ69oMCvLcN3x9KpYvS5vDzDEf4T7hC2wlGS7sGxBEO9fxzw%3d%3d>

Muligens at begrepet «Først til mølla prinsippet» er nemnt ein plass, men det meint som at det ikkje er nokon søknadsfrist.

For å gjere ei god vurdering og fordi det var så stor interesse så måte me gjere avveging og prioritere og enkelte fekk avslag. Den vurderinga vart gjort med grunnlag i dei kriteria som er i vedlegget som er lagt ved.

Med venleg helsing

Bent Gunnar Næss | Prosjektleder | Nordhordland Utviklingselskap IKS | Region Nordhordland  
Tlf. +47 48 12 46 23 | [www.regionnordhordland.no](http://www.regionnordhordland.no)

---

**Fra:** Lotte Karoline Lynngård <Lotte.Karoline.Lynngard@vlfk.no>  
**Sendt:** mandag 9. november 2020 14:24  
**Til:** Bent Gunnar Næss <bent.gunnar.naess@nordhordland.net>  
**Emne:** Spørsmål ang Etablerarfond i Bergensregionen

Hei,

Eg førebur ein sak til klagenemda som gjeld ein avslått stipendsøknad. I klaga er det anført at det var tale om eit «førstemann til mølla»-prinsipp i utlysingsteksten, og det var vedlagt ein link til utlysingsteksten(<https://www.etablerersenteret.no/etablererfond2020/>). Den er ikkje lenger i bruk, og mitt spørsmål til deg er om du veit noko om kva som sto i teksten, om det var et slikt «førstemann til mølla»-prinsipp?

Med helsing

**Lotte Lynngård**  
Rådgjevar

Politisk sekretariat  
Stabsavdeling for organisasjon og økonomi



tlf: 47 63 22 86  
[www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)

*Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.*